



UNIVERSITETET I OSLO

Forskarforbundet ved UiO
NTL ved UiO
Parat ved UiO
Akademikarane ved UiO

Dato: 03.05.2022
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

Referat frå informasjons- og drøftingsmøte 03.05.2022

Frå organisasjonane

- Elin Arntzen og Marie Sørhaug - NTL
- Hilde Spjelkavik Kveseth - Akademikarane
- Liv Tone Måseidvåg og Maren Ringstad – Forskarforbundet
- Ariel Sevendal - Parat
- Mari Gakkestad - lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb - dekan
- Gudleik Grimstad - fakultetsdirektør
- Aud-Jorunn Sandal - referent

Innkallinga vart godkjend.

Drøftingssaker

1. Bruk av mellombelse arbeidskontraktar ved fakultetet
Fakultetsdirektøren sendte ut med innkallinga eit notat med oversikt over bruken av mellombelse stillingar ved fakultetet i 2021, og der ein svarte ut på følgjande punkt:
 - Faste tilsetingar ved varigheit over tre år.
 - Utlysing av faste stillingar med ekstern finansiering.
 - Oppseiingar ved bortfall av ekstern finansiering og arbeidsoppgåver
 - Mellombelse stillingar og påverknad på arbeidsmiljø
 - Bruk av timelønskontraktar og honorar
 - Innleige frå bemanningsføretak

Fakultetsdirektøren gjekk igjennom tala ved SV knytt til dei enkelte punkt.

Forskarforbundet ser at det er stor turnover innan den administrative staben, og spør korleis ein ivaretek dei med lang fartstid slik at det er attraktivt å bli verande i stillinga. Forskarforbundet vil gjerne at dette vert sett på i samanheng med karriereplanlegging for dei tilsette.

Fakultetsdirektøren fortel om ein krevjande arbeidsmarknad for arbeidsgjevar, men mange ledige



stillinger, ofte få kvalifiserte søkjarar og stor rift om dei beste. Arbeidsmarknaden er god for dei tilsette, og ein er avhengig av at nokon blir igjen for å sørgja for drift, men også for opplæring av nyttilsette. Fakultetet må tenkje nytt når ein rekrutterer, visa at ein er ein attraktiv arbeidsplass, jobba godt med onboarding osv.

Akademikarane ber fakultetet å sjå på bruk av stillingskodar og løn, då ein ser at andre arbeidsgjevarar kan tilby meir enn UiO. Fakultetsdirektøren fortel om ein stor nedgang i bruk av konsulent- og førstekonsulentkode og om ei auke i bruk av rådgjevar og seniorrådgjevar dei seinare åra.

Forskarforbundet ser auken i bruk av dei høgare stillingskodane, men at dette heng saman med at stillingsinnhaldet i mange stillingar har endra seg og krev høgare kompetanse. Ein ser at andre har kome lengre enn UiO og tilbyr både høgare stillingskodar og høgare løn. Dette vert støtta av NTL.

NTL stiller spørsmål om auka av mellombels tilsette frå 2020 til 2021 kan forklarast med tilsetjingar av kollokviefadder (registrert som fagkonsulent i SAPDFØ, via tildelinga frå KD), eller om det er andre grunnar til at mellombelse arbeidskontraktar aukar. Fakultetsdirektøren stadfestar at dette utgjer 2 % og med dette ein stor del av auka.

Forskarforbundet spør om ein har gjenbruk av fast tilsette med ekstern finansiering, inn i nye prosjekt. Fakultetsdirektøren seier at fakultetet tek arbeidsgjevaransvaret alvorleg og viser til at ingen har blitt sagt opp ved fakultetet som følgje av bortfall av eksternfinansiering i 2021 ein tek ansvar, og dei fleste går inn i nye prosjekt.

2. Organisasjonsutvikling av UiO sin IT-funksjon (UiO:IT) - drøfting av organisasjonskart og eventuell endring i forslag til tilpassing. Sakspapir var vedlagt innkallinga.

Fakultetsdirektøren gjekk igjennom status i saka. Det er inga endring i organisasjonskartet frå det som låg i 2. utkastet, som vart drøfta i førre IDF-møte, og det som ligg i 3. utkastet. Dei fleste av fakultetet sine IT-tilsette vil finne seg att under serviceområdet «øvre Blindern». Brukarane på PSI vil bli liggjande under området «Gaustad/Geitemyrsveien». Det er også nedsett ei HR-gruppe som skal ivareta dei tilsette i overgangen, der seniorrådgjevar Anders Haave er med frå SV.

Verneombodet er uroa for korleis dei tilsette skal bli ivaretatt når dei er tilsett i USIT, men fysisk plassert ute på fakulteta. Kven er deira verneombod, kven skal ivareta deira arbeidsmiljø, skal dei vera ein del av fakultetsadministrasjonen, delta på avdelingsmøter, sommarfestar osv.

Fakultetsdirektøren seier det blir om lag som dei som er reinhaldarar, tilsette i SiO og liknande. Fysisk tilhøyrer dei verneområdet ESH, men det psykososiale arbeidsmiljøet for dei IT-tilsette skal ivaretakast av ny arbeidsgjevar, dvs. Usit.

NTL er uroa for at dei IT-tilsette får svak tilhøyring til SV, men også svak tilhøyring til Usit, sidan dei sit desentralisert. Fakultetsdirektøren legg til grunn at arbeidet med kultur og arbeidsmiljø blir viktige fokusområde for ny arbeidsgjevar.

Fakultetsdirektøren orienterte om at enkelte som jobbar i IT-relaterte stillingar blir verande som tilsette ved SV-fakultetet.



NTL seier at det ikkje er lagt opp til at nokon skal mista stillingane sine, men det kjem signal om at førstelinjetenestene skal slankast. Fakultetsdirektøren seier at alle organisasjonar til ei kva tid er i endring. Ein finn nye måtar å løyse oppgåver på, og då kan det vera naturleg å flytta ressursar over på andre oppgåver.

Akademikarane ber arbeidsgjevar vera merksam på at det gjerne er «enkle» oppgåver som vert hengjande igjen hjå ute på einingane når ein gjennomfører ei sentralisering, utan at ein har kompetansen eller tilsette til å utføre oppgåvene.

NTL meiner at ein burde drøfta organisasjonskartet sentralt, før ein drøftar det lokalt.

Fakultetsdirektøren viser til at han finn det rimeleg at ein drøftar lokalt og tek med merknader og innspel derifrå før saka vert sluttdrøfta sentralt, men legg til grunn at dette er noko dei sentrale tillitsvalde og UIO-leiinga må få lov å avgjere.

Informasjonssaker

A. Status Eilert Sundts hus.

Fakultetsdirektøren fortel at framdrifta er i rute og ein tek sikte på innflytting før jul. Ein har byrja på ein detaljert flytteplan som kanskje er klar til neste IDF-møte. Det har vore ein ny gjennomgang av etasjefordelinga sidan somme institutt har hatt sterk vekst og eit institutt kanskje får eit nytt SFF.

Verneombodet er oppteken av å ha vore for lite involvert i interiørplanlegging, og fakultetsdirektøren vil involvere ho meir i framtidige møter.

NTL lurar på om det blir heimekontor i flytteperioden, og kva ein gjer med dei som ikkje har anledning til å sitja på heimekontor.

Fakultetsdirektøren seier det blir ein liten periode med heimekontor når den fysiske flytteprosessen frå mellombels lokal til ESH skal gjennomførast, spesielt sidan ein tek sikte på mykje gjenbruk av møblar, men at ein vil prøve å leggje til rette for dei som ikkje har anledning til å sitje på heimekontor.

B. Status ny kommunikasjonsavdeling

Fakultetsdirektøren fortel at drøfting og innplassering av dei tilsette er på plass. Ein er i ferd med å rekruttera avdelingsleiar og sosiale medier rådgjevar, og ein satsar på at desse er på plass når den nye kommunikasjonsavdelinga startar opp i august.

C. Personalsaker (nytilsettingar/kunngjeringar som kan vere av interesse og liknande.)

- kommunikasjonsavdelingsleiarstillinga til AR 18. mai
- some-rådgjevar til AR 18. mai
- fast kontorsjefstilling ved ØI til AR 18. mai
- Nina Rundgren kjem tilbake frå permisjon og går inn igjen i stillinga som kontorsjef ved SAI

D. Arbeidsmiljøundersøking PSI

Oppfølging av sak frå møtet i mars.

Fakultetsdirektøren fortel om ei undersøking som vart gjort bland dei tilsette ved PSI der dei vart spurt om dei var nøgde med dei administrative tenestene ved instituttet, og kvar det var betringspotensiale. Det vart presisert at undersøkinga ikkje var anonym, og at meldingar knytt til enkeltpersonar skulle takast direkte med kontorsjef. Undersøkinga vart gjort med dei beste intensjonar.



NTL lurar på om ei slik undersøking er den beste måten å finna ut kva som kan betrast. Det var låg svarprosent, og fleire opplevde heile undersøkinga som ubehageleg. Dei administrativt tilsett følte at dei vart evaluert.

Akademikarane meiner generelt at kontorsjefar bør vera tydelege overfor dei vitenskapleg tilsette kva ein kan forventast av tenester frå administrasjonen og kva oppgåver dei må gjera sjølv. Ein har vitenskapleg tilsette, spesielt dei som kjem frå utlandet som kan vera vane med å ha sekretærar eller assistentar, og då må få informasjon om kva tenester administrasjonen tilbyr.

E. Timerekneskap

Forskarforbundet melder inn at ein er kritisk til korleis satsane for timerekneskap vert nytta lokalt, og spesielt ved ISS har det vore uro blant dei tilsette. Fellesskapet er under press, det er problematisk at enkelte har store overskot og andre ha underskot, systemet motiverer ikkje.

Dekanen fortel at gjeldande timesatsar vert vedtekne så seint som hausten 2018. I februar vedtok dekanen ei mindre justering for å gje stipendiatane ei meirutteljing på 15 % for alle undervisningsrelaterte oppgåver (undervisning, seminar, rettleiing) og sensur. Det er eit ynskje lokalt at ein skal få enno større utteljing for det arbeidet ein gjer, og at ekstrainsats ikkje vert lønna. Dekanen viste til at timesatsane vert vedtekne etter omfattande diskusjonar hausten 2018. Dekanen viste til at tanken er at timesatsane også skal vera normerande, dvs. skal seie noko om kor mykje tid ein generelt skal bruka på dei ulike oppgåvene.

Forskarforbundet seier at ein også er misnøgd ved PSI, og ikkje berre med satsane, men med heile timerekneskapsystemet.

Verneombodet er uroa for korleis dette påverkar arbeidsmiljøet, og at organisering av arbeidsoppgåver skapar dårleg arbeidsmiljø.

NTL fortel at dei har fått melding frå medlemmer ved ISS om at timerekneskapan skapar dårleg arbeidsmiljø. Mellom annan fjerna ein dei 10 timane ein fekk når ein byrja på ei heilt ny oppgåve. Stipendiatar får heile tida nye oppgåver, og får då ikkje den tiltenkte utteljinga auka satsar skulle gje, ved at ein fekk gjort ei oppgåve fleire gonger.

Dekanen fortel at timerekneskapan er tenkt som eit ressursstyringsverktøy, med ei rimeleg og rettferdig fordeling av undervisning. Det er eit lokalt leiaransvar å syte for at stipendiatar ikkje berer får nye oppgåver som krav lang førebuingstid, men også få høve til å opparbeida seg erfaring med ei oppgåve.

Forskarforbundet meiner misnøya blant dei tilsette tyder på manglande lokal medverknad i forkant, og at fakultetet ha ei informasjonsutfordring når det er så misnøgde lokalt enkelte stader.

Dekanen vil tilby seg å informera lokalt om kva ein har tenkt med timerekneskapan og satsane. Det er ikkje ynskjeleg å opne for ny vurdering av systemet og satsane som vart vedtekne i februar.



UNIVERSITETET
I OSLO

5

Med helsing

Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør

Aud Jorunn Sandal
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.